



Statens vegvesen

Hordaland Fylkeskommune

27 OKT 2014

Hordaland Fylkeskommune
Planavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Kristina Ebbing Wensaas - 55516805

Vår referanse:
2010/132466-013

Dykkar referanse:
14/3495

Vår dato:
24.10.2014

Uttale til melding om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram - Kommunedelplan for strandsona 2015-2025 i Osterøy kommune

Statens vegvesen viser til brev frå Osterøy kommune dagsett 29.09.2014. Vi sender våre merknader til dykk slik at de kan sende ein felles uttale frå Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er i første rekke knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

Saka gjeld

Kommunedelplan for strandsona i Osterøy kommune er eit strategisk dokument som skal sikre strategisk forvaltning av strandsona i et langsiktig perspektiv. Planen omfattar heile kommunens strandsona og 100 meter inn på land, samt sjøareal ut til kommunegrensa. Der kartlagt strandsona går lenger inn enn 100 meter inkluderast dette arealet. Planen skal sikre at verdiar som friluftsliv, næringsutvikling og natur vert ivaretekne i utviklinga av strandsona, og at fleire har tilgang til sjø. Lokalisering av akvakultur skal også vurderast.

Arealpolitiske føringar for planarbeidet

Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging skal leggest til grunn i planprosessen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Planprogram

Utgreiingar

I planprogrammet er det ikkje tatt høgde for trafikksikkerhet i forbindelse med eventuell økt aktivitet i delar av strandsona. Statens vegvesen ber derfor om at det gjerast ei utgreiing av korleis økt aktivitet og bruk av strandsona vil påverke trafikksikkerhet. Dette gjeld tilkomst for køyretøy til strandsonerområde, og tilkomst for og omsyn til mjuke trafikantar i desse områda.

Når det gjeld tilkomst for køyretøy er vi opptekne av at eventuell parkering må leggjast til rette slik at det ikkje førekjem parkering langs fylkesveg. Vi vil også påpeke at Statens vegvesen er generelt kritisk til utbygging av nye avkøyrslar langs fylkesveg, då det er nær samanheng mellom talet på trafikkulykker og talet på avkøyrslar langs vegen. Utvida bruk av strandsonerområde ved bygging av naust eller etablering av badeplasser og liknande førar til utvida bruk av avkøyrslar. Det kan ikkje påreknast at Statens vegvesen vil godkjenne utvida bruk dersom dagens tekniske krav til avkøyrslar ikkje vert tilfredsstillt.

Rammeplan for avkøyrslar

Ved behandling av avkøyrslarsaker bruker Statens vegvesen føringar sett i *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i Region vest 2013-2016*. Fylkesvegar er i denne rammeplanen delt inn i haldningsklassar etter kva funksjon dei forskjellige strekningane har i vegnettet. Desse haldningsklassane fortel kva kriterium som leggjast til grunn i handsamning av avkøyrslarsaker og gjer eit utgangspunkt i vurdering av desse.

Vi rår til at rammeplanen vert lagt til grunn som ein overordna føring for 1. gongs utsiling av innspel på arealendringar, jamfør side 6 *Planprosess*.

Statens vegvesen har følgjande konkrete innspel til arbeidet med strandsonerplanen

Tilknytting til riks- og fylkesvegnett

Med bakgrunn i omsyn til trafikksikkerhet bør det gjerast ei konkret vurdering i kvart område der det er planlagt auka aktivitet i strandsona om at avkøyrslarstilhøva og tilkomst for mjuke trafikantar kan løysast.

Parkering

Vi rår til at det vert stilt krav til parkering i samband med dei ulike tiltaka. Parkeringskrav i framlegg til *Kommuneplan for Meland 2014-2026* er eit døme det kan takast utgangspunkt i.

Byggjegrænse langs veg

Byggjegrænser i rammeplanen bør leggjast til grunn i planarbeidet.

Støy

T-1442/2012 Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging bør leggjast til grunn i planarbeidet.

Medverknad frå Statens vegvesen i vidare planarbeid

Statens vegvesen vil på vanleg måte uttale oss når det ligg føre eit konkret planforslag og planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Avdeling Hordaland
Med helsing

Sindre Lillebø

for Olav Finne
avdelingsdirektør

Sindre Lillebø

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland, Plan- og beredskap, fmhopostmottak@fylkesmannen.no
Osterøy kommune, post@osteroy.kommune.no